

# Bustad

---

## Å leige bustad

---

Bustader som er til leige, blir ofte annonserte på internett. Dei fleste utleigebustadene er private. Det er òg svært vanleg at folk bruker nettverket sitt når dei vil leige seg ein bustad. Ein huseigar vil ofte be om ein referanse. Det er nokon som kjenner oss godt og kan snakke med huseigaren og fortelje at vi er pålitelege. Det er òg viktig for huseigaren å vite at vi har ei månadleg inntekt slik at vi kan betale husleiga.

Det er vanleg at huseigaren ber om eit depositum. Depositumet svarer ofte til husleige for tre månader. Desse pengane blir sette inn på ein sperra konto som ein tryggleik for huseigaren. Når vi flyttar ut, skal vi ha att desse pengane. Dersom vi har øydelagt noko eller ikkje betalt husleiga, kan huseigaren ta det vi skuldar frå depositumet.

Alle som leiger ei leilegheit, skal ha ein kontrakt. I kontrakten står det mellom anna kor lenge vi kan bu i leilegheita. Det er viktig å forstå kontrakten og vere kjend med innhaldet.

Den som leiger, må sjølv passe på å ha ei innbuforsikring, som er ei forsikring på tinga som han eller ho har i leilegheita.



## Å eige bustad

---

I Noreg er det meir vanleg å eige enn å leige bustaden sin. Så mange som 76,4 % av hushalda eig bustaden sin sjølv (2021). Bustader blir ofte selde gjennom private eigedomsmeklarar. Det er fleire måtar å eige ein bustad på i Noreg. Vi kan til dømes eige ein sjølveigarbustad eller ein bustad i eit burettslag.

Ein bustad kostar mange pengar, og dei fleste lånar pengar i banken for å kjøpe bustad. Det er vanleg å betale ned på lånet kvar måned i mange år. Dette heiter å betale avdrag. I tillegg betalar vi renter. Ein treng fast inntekt eller anna økonomisk sikkerheit for å få låne pengar i banken.



## Å ta omsyn til kvarandre.

---

Mora: Demp musikken, er du snill. Hugs at vi har naboar.

Dottera: Dei må vel tole litt musikk. Dei brukar jo å ha TV-en høgt på sjølve.

Bestemora: Så, så. Vi må jo ta omsyn til kvarandre.



## Inneklima

---

Det er dyrt å varme opp ein bustad om vinteren. Normal innetemperatur for nordmenn er rundt 20 grader. Dei brukar varme sokkar eller tøflar på føtene. Dersom dei fryser, tek dei på seg ein ekstra genser.

Sjølv om det er kaldt, er det viktig å passe på at det kjem frisk luft inn i huset. Difor må ein ikkje ha alle vindauge og lufteluker lukka. Dei fleste husa i Noreg er laga av tre, og dei blir øydelagde dersom dei ikkje får luft. Tre blir òg øydelagt dersom ein brukar for mykje vatn, til dømes når ein vaskar golvet.



## Snakk saman

---

Korleis bur menneska i heimlandet ditt?

Kva er viktig for ein huseigar når han eller ho skal leige ut bustaden sin? Kvifor vil ein huseigar ha depositum?

Kvifor er det viktig å setje seg inn i og forstå innhaldet i ein husleigekontrakt?

Snakk saman om moglegheita for å finansiere eit bustadkjøp.

Kva uskrivne reglar finst i heimlandet ditt når menneske bur tett saman?

Kva ventar du av naboane dine?

Kva for konflikhtar kan oppstå når menneske bur tett saman?

Snakk saman om kva vi kan gjere for å spare straum.